

AUD-rapport nr: 13.2-19

# Fylkesprognosar Vestland 2019-2045: Bustadbehov

Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse <a href="http://www.hordaland.no/aud">http://www.hordaland.no/aud</a>
Tittel:	"Fylkesprognosar Vestland 2019-2045: Bustadbehov"
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 13.2-19 <a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>
Dato:	29.8.2017
Forfattarar:	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
Epost:	<a href="mailto:lasse.hansen@hfk.no">lasse.hansen@hfk.no</a>
Telefon:	99 22 84 58
Framsidedeilete:	Morten Wanvik

## Innhald

Samandrag.....	3
Definisjonar .....	3
Om Fylkesprognoser.no .....	4
Kort om føresetnader og metode for bustadbehovprognosane .....	4
Framtidig bustadbehov etter type hushald .....	5
Framtidig bustadbehov etter bustadtype .....	6
Framtidig bustadkonsum etter alder og kjønn .....	7
Utvalde data på kommunenivå .....	11

## Samandrag

Denne rapporten inneheld Hordaland fylkeskommune sin prognose for framtidig bustadbehov i Vestland fylke fram mot 2045. Den er basert på fylkeskommunen sin prognose for framtidig folketal som er publisert i *AUD-rapport nr 13.1-2019 - Fylkesprognosar Hordaland 2019-2045: Befolkning*.

Samanlikna med 2018, vil det i 2044 vere behov for 40 800 fleire bustader i Vestland. 24 300 av desse vil vere for einslege, 16 600 for familiar med relativt lite forventa arealkonsum (par utan barn og einslege foreldre med barn), og omlag like mange som i dag for familiar og hushald med forventa stort arealkonsum (par med barn, hushald med vaksne barn og fleirfamiliehushald). 53 % av dei nye bustadene vil det vere behov for i Bergen.

Over dei 26 åra frå 2018 til 2044 vil det då vere behov for å auke bustadmassen med 1 570 bustader per år. Modellane våre bereknar ikkje bustadavgang – bruksendring, riving, blir ståande tomme, etc. *Byggebehovet* vil derfor vere større enn 1 570 bustader per år. I 2018 blei det fullført 3 546 bustader i Vestland, som er omlag 250 fleire bustader enn snittet for dei siste 15 åra.

Dette kan tyde på at dersom ein oppretthald dagens bustadbyggingstakt risikerer ein at det byggjast for mange bustader. Samstundes vil det variere mellom kommunane og våre tal tek ikkje omsyn til bustadfråfall, endra bustadpreferansar og liknande. 1 570 er dessutan snittet for heile perioden, men det er venta at folkeveksten vil avta gradvis i perioden, slik at det største behovet kjem tidleg i perioden. Vi har laga fire ulike scenario for framtidig folketalsutvikling, og følgeleg bustadbehov. I praktisk planlegging er det viktig å vurdere alle fire og sjå kven av dei som verkar mest føremålstenleg.

Om framtidig etterspørsel for bustader er lik den bustadstrukturen vi har i dag, vil det vere etterspørsel etter 21 600 nye einebustader, 11 400 einingar i bustadblokk/bufellesskap, og 7 800 nye tomannsbustader/rekkehus. Samanlikna med tala for hushalda over, vil dette vere for mange store og arealkrevjande bustader og for få tettbygde bustader til å matche arealbehovet i den venta folkeveksten.

## Definisjonar

**Bustad:** Alle husvære med eitt rom eller meir og kjøkken.

**Bustadbehov:** Talet bustader som blir etterspurt i ein region i ein periode.

**Bustadkonsum:** Viser kor stor del av bustadmassen som vil bli brukt (konsumert) av innbyggjarane fordelt på alder og kjønn.

**Bustadtype:** Bustad er her delt inn i følgjande kategoriar: Einebustad, tomannsbustad, rekkehus, bustadblokk og bufellesskap (til dømes studentbustader og institusjonar).

**Bustadtypepreferansar:** Kva type bustad ein ville vald om ein fekk velje fritt, utan økonomiske eller materielle avgrensingar.

**Hushald:** Eit hushald omfattar personar som har same bustad.

**Hushaldtype:** Hushald er her delt inn i følgjande kategoriar: fleirfamiliehushald med barn (under 18 år), fleirfamiliehushald utan barn, einfamiliehushald med vaksne barn (over 18 år), mor eller far med barn, par med barn, par utan barn og aleinebuande.

**PANDA:** Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarknad (PANDA), er eigd av fylkeskommunane og vert drifta av SINTEF Teknologi og samfunn.

**Prognose:** Framskrivning bygd på ein eller fleire føresetnader.

## Om Fylkesprognoser.no

[Fylkesprognoser.no](http://Fylkesprognoser.no) er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane som deltek i *Panda analyse*. Denne foreininga eig *Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarknad* (PANDA), som teknisk vert drifta av *SINTEF Teknologi og samfunn*. Fylka står sjølv ansvarleg for sin eigen bruk av PANDA og utarbeiding av dei fylkesvise rapportane. SINTEF har ikkje ansvar for dei val og konklusjonar fylka gjer i sin bruk av PANDA og publikasjon av Fylkesprognoser.no. Eventuelle feil eller feilvurderingar i rapportane er fylka sine.

Vi har i år valt å publisere to rapportar: ein for befolkning, inkludert metodevedlegg, og ein for bustadbehov.

*Rapportane i Fylkesprognoser.no for Vestland er utarbeidd av Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Dei presenterer i all hovudsak data og prognosar på fylkesnivå. I prognosekjøringane er det berekna fleire tal på kommunenivå enn det som er publisert i desse rapportane, og meir detaljerte data og prognosar på kommunenivå kan lastast ned frå [statistikk.igest.no](http://statistikk.igest.no). Om ein har spørsmål knytt til fylkesprognoser.no eller ønskjer tilgang til andre data (for Hordaland) kan ein ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse. Kontaktinfo på side 2.*

Bergen, 29.8.2019

## Kort om føresetnader og metode for bustadbehovprognosane


Framtidas bustadbehov blir i hovudsak påverka av folketalet og alderssamansettinga i befolkninga. Aldersforskyvingar i befolkninga forårsakar direkte endringar i bustadbehovet. Kva type hushald ein person (gjeve alder og kjønn) i framtida er venta å finne seg i, er også relevant. Det same er forventa bustadkonsum innafor ulike typar hushald, bustader, alder og kjønn. Basert på befolkningsprognosen som er køyrt i samband med fylkesprognoser.no får ein også berekna prognosar for bustadbehov. Hushald- og bustadfrekvensar som finns i PANDA-modellen blir kopla mot befolkningsprognosane og bereknar det framtidige bustadbehovet. Vi legg til grunn at hushaldsetableringar og bustadtypepreferansar vi i dag finn blant ulike aldersgrupper, ikkje blir endra i prognoseperioden.

Prognosar og framskrivning av folketalsutvikling og bustadbehov er basert på historisk utvikling, og dette kan – og vil – avvike frå den utviklinga som faktisk vil skje. Ein må vere medviten om at prognosane ikkje er fasit på framtidig utvikling, og at dei er forbunde med feilkjelder. I langsiktig planlegging må ein derfor bruke prognosar med varsemd. Planar må vere robuste og fleksible nok til at dei kan handtere ulike framtidsscenario, både at veksten blir høgare eller lågare enn prognosane tilseier. I årets Fylkesprognoser.no har vi lagt oss på eit framtidsscenario som føreset at utviklinga framover vil speile utviklinga slik den har vore dei siste snaue 20 åra, men utan at vi når dei toppane vi hadde i perioden 2007-2012. Dette er diskutert meir utførlig i metodevedlegget til befolkningsrapporten.

Denne rapporten føreset at befolkningsutviklinga følgjer vårt hovudalternativ. Sjå *AUD-rapport nr 13.1-2019 - Fylkesprognosar Vestland 2019-2045: Befolkning* for meir info. Vi har i tillegg berekna tre alternative prognosar: eit høgalternativ, eit lågalternativ og eit alternativ med null nettotinnvandring. Det er også tal på bustadbehov knytt til desse alternativa tilgjengeleg på [statistikk.ivest.no](http://statistikk.ivest.no). Her er det også meir detaljerte tal på kommunenivå enn det som ligg i tabell 1.

## Framtidig bustadbehov etter type hushald

### Fremtidig bustadbehov etter hushaldstype i perioden 2018 - 2044



**Figur 1: Prognose for det samla bustadbehovet for ulike typar hushald. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.**

I 2018 var det behov for 303 750 bustader for å huse befolkninga i Vestland. Innan 2044 er det behov for nesten 40 800 fleire bustader. Dette er i snitt ein auke på 1 570 bustader per år, eller 0,5 % (som er 0,2 prosentpoeng høgare enn venta folkevekst i fylket).

Figur 1 viser framtidig fordeling av bustadmassen etter type hushald. Den største delen, både i dag og i framtida, er aleinebuande (38 % i 2018, aukande til 40 % i 2044). Den nest største gruppa i dag er par utan barn (24 % i 2018, 25 % i 2044).

#### Kommentar

Som nemnt i kapitlet om føresetnader og metode, er bustadkonsumet etter alder og kjønn halde konstant: Alle endringane skuldast derfor endringar i befolkningsammansettinga.


Dermed er dei innbyrdes endringane eit resultat av befolkningsammansettinga. I tal vil alle hushaldstypene auke, og mest reell vekst vil kome i den største gruppa. Det vil i 2044 vere behov for over 24 000 fleire bustader for aleinebuande, 17 000 fleire for par utan barn, 1 000 fleire for einfamiliehushald med vaksne barn (18 år og eldre), 800 fleire for fleirfamiliehushald utan barn, og 26 fleire for fleirfamiliehushald med barn. Samstundes vil det vere behov for 1 800 færre for par med barn og 300 færre for einslege forsørgjarar. I prosent vil det vere størst behov for auke i bustader for par utan barn (23 %), og minst for par og einslege med barn (-3 %).



Samstundes er det store skilnader i venta framtidig aldersstruktur i Vestland, slik at det er langt frå alle kommunar som vil ha mindre behov for bustadar for familiar med barn. Sjå tabell 1 seinare i rapporten for tal per kommune.

## Framtidig bustadbehov etter bustadtype

### Fremtidig bustadbehov etter bustadtype i perioden 2018 - 2044



**Figur 2: Framskriving av det samla bustadbehovet i Vestland fordelt på bustadtype. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.**

Framskrivinga for bustadtype (figur 2) føreset at dagens samansetting av—og preferansar for—bustadmassen er halde konstant. Dette har vore i endring historisk, og må endre seg i framtida. Gitt desse føresetnadene, vil det seie at over halvparten av bustadene vil vere einebustader, 21 % vil vere i bustadblokker, 14 % vil vere tomannsbustader, 6 % rekkehus og 6 % bufellesskap. I så fall vil det vere etterspørsel etter 21 600 fleire einebustader (830 per år) i 2044, 8 500 fleire blokkeiningar (330 per år), 5 500 tomannsbustader (210 per år), 2 300 fleire rekkehus (100 per år), og 2 500 einingar i bufellesskap (100 per år).


#### Kommentar

Framskrivinga av bustadbehovet i Vestland syner ein stor etterspørsel etter einebustader, noko som ikkje er i tråd med ei målsetting om auka fortetting. På denne måten synleggjer ein konsekvensane av å oppretthalde eit utbyggingsmønster som vi har i dag. Prognoser kan dermed underbyggje behovet for trendskifter i planlegginga, og med krav til fortetting blir framskrivinga «feil» (den vil ikkje bli faktum): Ein kan ikkje vente seg at halvparten av nybygde bustader er einebustader. I staden må ein større del av denne bustadmassen bli erstatta av meir konsentrerte bustadformer, fortrinnsvis bustadblokker og rekkehus. Figur 1 viste oss at behovet er størst for bustader for einslege og par utan barn. Dette utgjør 44 % av det venta behovet på 40 800 nye bustader, og her ligg eit sterkt fortettingspotensiale.

Sjå figur 6 for fordeling av bustadtypar etter bebuarane sin alder.

## Framtidig bustadkonsum etter alder og kjønn

### Fremtidig bustadbehov etter aldersgrupper i perioden 2018 - 2044



**Figur 3: Prognose for det samla bustadkonsumet innanfor ulike aldersgrupper i fylket. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.**

Figur 3 viser venta bruk av bustadmasse frå 2018 til 2044 etter alder, rekna om til tal bustader (bustadkonsum).


Bustadkonsum skil seg litt frå bustadbehov ved at det blir rekna ut kor stor del av den samla bustadmassen som vil bli brukt (konsumert) av innbyggjarane fordelt på alder og kjønn. Berre dei som bur aleine har behov for ein heil bustad. Dei som ikkje bur aleine har behov for sin del av bustaden. I modellkøyninga er til dømes ingen under 15 år venta å bu aleine, mens over halvparten av kvinnene over 80 år er venta å bu aleine. Det samla konsumet vil vere likt det samla bustadbehovet i figur 1 og 2, men inndelinga i aldersgrupper i figur 3 er basert på aldersgruppene sin del av bustadmassen, og ikkje gjensidig utelukkande kategoriar som i figur 1 og 2.

Ettersom vi blir fleire vestlendingar over 40 år og færre under, blir det også eit skifte i bustadkonsumet mellom yngre og eldre aldersgrupper. Prosentveksten i bustadkonsumet i perioden 2015-2040 er venta å vere størst for dei over 75 år (+ 88 %), deretter for aldersgruppene 60-74 år (23 %), 40-59 år (1 %). I negativ retning finn vi 25-39 år (-5 %), 15-24 år (-4 % og 0-14 år (-3 %). I reelle tal er veksten også venta å vere størst for aldersgruppa 75+ år (tilsvarande 35 700 fleire bustader), deretter 60-74 år (+9 300), 40-59 år (+470), medan nedgangen er størst 25-39 år (-1 800), 15-24 år (-1 500) og 0-14 år (-1 300).

#### Kommentar

Fordi til dømes 79 % av 0-14-åringar er venta å bu blant par med barn og 16 % blant mor/far med barn, og kvar av dei er venta å utgjere knappe 40 % av eit hushald, og dermed i snitt litt under ¼ av ein bustad, vil den reelle bustadmassen som trengs for å busette framtidige hushald med 0-14-åringar i 2044 vere rundt 29 000 bustader. Desse bustadene vil også huse ein del 15-24-åringar, 25-39-åringar, 40-59-åringar, osv.

### Bustadkonsum etter kjønn og alder for åra 2018 og 2044




**Figur 4: Historisk statistikk og prognose for bustadkonsumet i Vestland fordelt på aldersgrupper og kjønn. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.**

Figur 4 viser bustadkonsum i 2018 og 2044 etter kjønn og alder.

#### Kommentar

I relative tal (ikkje vist i figuren) vil aldersgruppene sin del av bustadkonsumet bli redusert for alle aldersgrupper frå 0 til 64-åringar, og vere relativt stabilt for 65-69 åringar. For dei over 70, og da spesielt for dei mellom 75 og 89, vil desse aldersgruppene sin del av bustadkonsumet auke betydelig. Endringane i fordelinga av type hushald i figur 1 (spesielt auken i delen aleinebuande), er resultat av denne aldersforskyvinga.





**Figur 5: Årleg framtidig vekst i bustadkonsumet innanfor ulike aldersgrupper. Kjelde: egne prognosar i PANDA.**


Figur 5 viser årleg utvikling i bustadkonsumet frå 2018 til 2044 etter alder. Den samla veksten er vist med den svarte linja, og er den same som den samla endringa i bustadmasse. Denne veksten ligg rett over 0,6 % per år fram til 2027 og går deretter ned og ligg rett over 0,2 % i 2044.

#### Kommentar

Forskyvingane i konsumet (som kommentert under figur 4) er vist i figur 5. Auken i bustadkonsum frå år til år vil vere nokså konstant for aldersgruppene 25-39 år og 40-59 år, medan aldersgruppa 0-14 år vil ligge mellom nullvekst og nedgang på 0,5 %. Konsumet blant 15-24-åringar vil først stige fram til midt på 2020-talet, som deretter erstattast av nedgang mellom 2026 og 2033, før det snur og nedgang går mot 0 % fram mot 2044.

For 60-74-åringar vil veksten i konsumet først søkke kraftig fram mot 2021 før det stig og ligg rundt 1 % fram til cirka 2030. Deretter fell veksten igjen ned mot 0 og går i minus dei siste åra av prognosen. For dei over 75 er utviklinga det motsette: for denne gruppa vil det vere bratt vekst i bustadkonsumet dei neste åra, og deretter vil vekstraten gå ned att etter 2021, men framleis vere høg.

**Framtidig bustadbehov etter aldersgrupper og bustadtypar for åra 2018 og 2044**



**Figur 6: Framskriving av det samla bustadkonsumet i fylket innanfor ulike aldersgrupper og fordelt på bustadtype. Det er føresett i framskrivinga at bustadtypepreferansane i dag ikkje endrar seg i framtida. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.**

Framskrivinga for konsum etter bustadtype føreset det same som for figur 2: at samansettinga av bustadmassen er konstant.

**Kommentar**

Framskrivinga er nyttig for å vise kven som er venta å bu i dei ulike bustadtypane om vi stoppar utviklinga i korleis bustadtypane er fordelt og kven som bur i dei. Vi ser at vaksne med utflytta barn (aldersgruppa 60-74) og seniorar (75-99 år) er venta å sitte på ein vesentleg del av einebustadmassen om bustadtypepreferansane kan bli halde som i dag. Det kan vere mykje areal å spare om fleire av desse flyttar til mindre bustader og på den måten frigjer einebustadene for større familiar som på si side kan frigjere leilegheiter, samt redusere behovet for å byggje nye einebustader for yngre familiar.

## Utvalde data på kommunenivå

Tabell 1 viser venta fordeling av bustader etter type hushald og bustad i kommunane og regionane i Vestland i 2018 og 2044.

Dei to første kolonnane (under «Tal hushald») viser at det i 2044 er behov for 40 800 fleire bustader i Vestland enn i 2018. Dette gir eit snitt på 1 570 nye bustader i året. 53 % av desse vil det vere behov for i Bergen. I Vestland blei det fullført 3 546 nye bustader i 2018, noko som er omlag 250 bustader over snittet for dei siste 15 åra.<sup>1</sup> Sidan årtusensskiftet er rekorden i talet fullførte bustader på eitt år i Vestland 3 959, satt i 2007.

Om vi reknar den «sentrale» Bergensregionen som Bergen, Bjørnafjorden, Osterøy, Alver, Askøy, og Øygarden, vil det vere behov for at 98 % (39 925) av dei nye bustadene i Hordaland kjem i Bergen og dei bynære kommunane. Dette svarer til 1 540 bustader per år. I 2018 blei det fullført 2 456 nye bustader i desse kommunane, noko som er omlag 400 bustader over snittet for dei siste 15 åra. Rekordåret er 2005, med 2 718 fullføre bustader, men også i 2008, 2013 og 2016 blei det fullført meir enn 2 600 bustader i desse kommunane.

Dette kan tyde på at dersom ein oppretthald dagens bustadbyggingstakt risikerer ein at det byggjast for mange bustader. Samstundes vil det variere mellom kommunane og våre tal tek ikkje omsyn til bustadfråfall, endra bustadpreferansar og liknande. 1 540 er dessutan snittet for heile perioden, men det er venta at folkeveksten vil avta gradvis i perioden, slik at det største behovet kjem tidleg i perioden. Vi har laga fire ulike scenario for framtidig folketalsutvikling, og følgeleg bustadbehov. I praktisk planlegging er det viktig å vurdere alle fire og sjå kven av dei som verkar mest føremålstenleg.

Dei neste fire kolonnane viser observert og venta fordeling av type hushald. Det er størst behov for fleire bustader for einslege (24 300 fleire innan 2044). Dei siste fire sett med kolonnar viser korleis bustadmengda vil vere fordelt om vi opprettheld den bustadsamansettinga vi har i dag. *Dette er ingen realistisk prognose*, men viser kva som kan skje om vestlendingane i framtida kan busette seg som i dag. I så fall vil det vere etterspørsel etter 21 600 fleire einebustader enn i dag (+ 13 %). Det svarer til 830 nye einebustader kvart år framover.


Denne rapporten føreset at befolkningsutviklinga følgjer vårt hovudalternativ. Sjå *AUD-rapport nr 13.1 - Fylkesprognosar Vestland 2019-2045: Befolkning* for meir informasjon. Vi har i tillegg berekna tre alternative prognosar: eit høgalternativ, eit lågalternativ og eit alternativ med null nettoinnvandring. Det er også tal på bustadbehov knytt til disse alternativa tilgjengeleg på [statistikk.ivest.no](http://statistikk.ivest.no). Her er det også meir detaljerte tal på kommunenivå enn det som ligg i tabell 1.

---

<sup>1</sup> Hordaland og Sogn og Fjordane utan Hornindal. Kjelde på alle tal på fullførte bustader: SSB Statistikkbanken, tabell 05940 (henta 29.8.19).

	Tal hushald		Einslege		Par u. barn, einslege foreldre m. barn		Par m. barn og einfam.hush. m. vaksne barn		Fleirfamiliehush.		Einebustad		Tomannsbustad og rekkehus		Bustadblokk		Bufelleskap og anna	
	2018	2044	2018	2044	2018	2044	2018	2044	2018	2044	2018	2044	2018	2044	2018	2044	2018	2044
<b>46 Vestland</b>	<b>303 750</b>	<b>344 523</b>	<b>114 256</b>	<b>138 535</b>	<b>85 634</b>	<b>102 189</b>	<b>88 709</b>	<b>87 825</b>	<b>15 151</b>	<b>15 974</b>	<b>164 661</b>	<b>186 242</b>	<b>68 130</b>	<b>75 953</b>	<b>55 275</b>	<b>63 812</b>	<b>15 682</b>	<b>18 514</b>
4601 Bergen	136 813	158 623	52 437	63 622	37 915	46 519	39 252	40 696	7 209	7 786	40 556	47 366	41 539	47 406	51 130	59 364	3 587	4 486
4602 Kinn	8 436	7 796	3 061	3 198	2 336	2 338	2 616	1 918	423	342	5 784	5 315	1 664	1 481	149	189	841	813
4611 Etne	2 101	2 160	795	870	614	663	594	533	98	94	1 737	1 777	153	159	18	24	193	201
4612 Sveio	2 758	3 205	1 006	1 275	797	943	830	855	125	132	2 368	2 721	183	233	0	0	207	251
4613 Bømlo	5 537	6 041	2 038	2 458	1 581	1 866	1 650	1 451	268	266	4 673	5 138	620	647	0	0	243	254
4614 Stord	9 196	9 336	3 413	3 821	2 608	2 911	2 714	2 196	461	408	6 484	6 654	1 904	1 785	439	508	369	389
4615 Fitjar	1 470	1 743	547	691	427	509	432	472	64	71	1 294	1 518	74	83	0	0	103	145
4616 Tysnes	1 729	1 937	671	756	545	577	435	516	78	88	1 419	1 583	55	67	0	0	255	286
4617 Kvinnherad	6 643	6 558	2 540	2 752	2 000	2 065	1 791	1 461	312	280	5 150	5 130	1 028	956	33	27	432	445
4618 Ullensvang	6 480	5 199	2 577	2 299	1 965	1 672	1 651	1 026	287	202	3 869	3 093	1 752	1 369	473	378	386	359
4619 Eidfjord	561	486	226	227	168	142	150	103	17	14	477	409	40	32	0	0	44	47
4620 Ulvik	676	656	265	278	206	210	187	152	18	16	535	515	51	50	20	26	70	65
4621 Voss	8 060	8 545	3 124	3 530	2 389	2 618	2 173	2 026	374	371	5 485	5 683	1 441	1 537	612	755	522	568
4622 Kvam	4 064	4 061	1 564	1 669	1 221	1 258	1 090	957	189	177	3 155	3 136	629	635	54	56	226	234
4623 Samnanger	1 205	1 244	466	523	367	378	322	295	50	48	963	1 000	120	122	22	22	98	100
4624 Bjørnafjorden	10 412	15 396	3 783	6 031	2 967	4 563	3 154	4 091	508	711	7 793	11 503	1 830	2 737	185	282	604	874
4625 Austevoll	2 357	2 939	862	1 154	673	855	715	801	107	129	2 049	2 554	56	66	42	44	209	275
4626 Øygarden	15 080	20 568	5 420	8 007	4 209	6 131	4 694	5 478	757	952	11 806	16 035	2 079	2 808	57	79	1 140	1 647
4627 Askøy	11 498	15 546	4 060	5 950	3 168	4 654	3 692	4 210	578	732	8 369	11 485	2 439	3 075	291	381	397	605
4628 Vaksdal	1 994	1 819	782	747	590	553	530	440	92	79	1 394	1 258	427	393	93	92	80	76
4629 Modalen	156	152	54	58	48	44	52	47	2	3	131	125	20	20	0	0	7	8
4630 Osterøy	3 621	4 421	1 350	1 761	1 048	1 317	1 045	1 140	178	203	3 033	3 669	371	471	13	17	205	265
4631 Alver	12 571	15 366	4 587	6 201	3 633	4 706	3 740	3 770	611	689	9 459	11 524	1 901	2 311	258	313	954	1 217
4632 Austrheim	1 443	1 479	542	608	443	450	400	365	58	56	1 061	1 082	57	58	0	0	326	340
4633 Fedje	276	267	105	115	88	87	77	59	6	6	240	229	13	14	0	0	22	24
4634 Masfjorden	883	847	355	361	261	253	233	202	34	31	758	722	59	53	0	0	66	71
4635 Gulen	1 187	1 076	452	458	341	319	344	258	50	41	969	862	99	89	0	0	118	126
4636 Solund	421	417	166	172	126	124	121	113	8	8	347	338	34	37	0	0	40	43
4637 Hyllestad	823	632	312	280	249	194	233	138	29	20	642	477	84	75	0	0	98	80
4638 Høyanger	2 396	1 761	909	770	688	553	689	369	110	69	1 650	1 197	518	353	106	102	123	109
4639 Vik	1 551	1 520	603	617	458	438	424	401	66	64	1 287	1 254	45	44	0	0	219	221
4640 Sogndal	6 736	8 257	2 463	3 172	1 819	2 182	2 131	2 509	323	394	4 847	5 881	1 231	1 492	77	98	578	785
4641 Aurland	1 057	1 120	412	474	296	318	312	292	37	36	811	864	95	101	0	0	152	156
4642 Lærdal	1 188	1 035	440	457	354	337	342	206	52	35	999	896	98	71	0	0	92	70
4643 Årdal	2 851	2 089	1 100	921	820	657	800	428	131	83	1 388	985	810	620	447	279	207	206
4644 Luster	2 806	2 850	1 035	1 175	799	858	842	698	130	119	2 402	2 412	243	235	3	3	159	201
4645 Askvoll	1 592	1 624	608	668	478	459	438	431	68	66	1 347	1 357	94	96	16	15	135	156
4646 Fjaler	1 529	1 437	555	537	443	419	458	416	73	65	1 154	1 086	131	119	7	6	238	227
4647 Sunnfjord	10 698	11 108	3 776	4 502	2 875	3 228	3 501	2 877	546	501	6 968	7 394	2 444	2 353	598	619	686	743
4648 Bremanger	2 010	1 558	783	670	576	481	558	344	93	63	1 499	1 179	225	157	2	1	284	222
4649 Stad	4 167	4 286	1 545	1 747	1 161	1 228	1 264	1 124	197	187	3 185	3 238	488	491	67	68	427	488
4650 Gloppen	2 957	3 181	1 097	1 314	846	902	871	820	143	145	2 318	2 467	344	350	16	15	279	347
4651 Stryn	3 752	4 179	1 370	1 638	1 035	1 209	1 161	1 139	186	193	2 804	3 137	642	699	46	49	261	294

Tabell 1 viser utvalde tal for kommunar og regionar i Hordaland. Kjelde: eigen prognose via PANDA.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

